



Deler av kornettgruppa i full øving. Første rekkja f.v.: Ingvill T. Sture, Kristine Ludvigsen, Vegard Døssland, Anders Bennes(Rosendal).Andre rekkja f.v.: Amalie F. Helleland(Rosendal.), Vilde V. Skaale (Rosendal.), Kaja Døssland, Eirin R. Kjærland, Andrea H. Lunde og Karoline I. Amundsen.

”Heilt kongel!”, ”Dette er berre drittgøy” og ”Her kunne vi godt vore i minst ein måned” er eit lite utval av alle dei positive kommentarane som kom frå skulekorps-medlemmene frå Uskedalen som var på Karmøy Brass Festival i helga. Festivalen gav dei unge musikarane gode sosiale og musikalske opplevingar, nye vennskap, og dei fekk gode og verdfulle minne å ta med vidare i livet.



Middagen var velsmakande. Laurdag vart totalt 460 servert kjøttkaker på under ein halvtime. Her ser vi: Lene S. Myklebust, Amalie F. Helleland (Rosendal), Kristine Ludvigsen, Vilde V. Skaale(Rosendal), Ingvill T. Sture og Birgitte Hjelmeland.

Skulemusikken si første deltaking på brassfestivalen svara absolutt til dei store forventningane dei hadde på førehand. Det musikalske var i dei beste hender. Saman med Rosendal skulekorps (9-13 år) var USM så heldige å få tildelt elite-dirigenten Jan Magne Olsen som sin hovuddirigent. Desse to korpsa øvde saman under heile festivalen, i nokre økter vart dei og slått saman med skulekorpsa frå Kolnes og frå Bokn. Det var eige opplegg for alle slagverkarane 2 timar kvar dag.

I tillegg til øvingane var det flust med sosiale aktivitetar, både organiserte og uorganiserte, å vera med på. Fredag kveld var det bingo, spelerom og Idol-konkurranse i tillegg til diskotek. Bjørn Naterstad (trombone)og Marius L. Torjusen(euphonium) hadde fått med seg Ida frå Harfsfjord og deltok i Idol-konkurransen. Dei kom ein flott andre plass.

Laurdag etter øvingstid var det ikkje så tettpakka med organiserte aktivitetar. Populær var badinga i Karmøyhallen, men elles var tida fram til festkonserten på kvelden sett av til meir uformelt samkvem. Svært viktig, og kontakten mellom medlemene frå dei mange korpsa som budde på Eide skule var yrande!

Festkonserten med Stangaland Brass under leiing av dir. Yngve Nikolaisen hadde eit svært publikumsvennleg program med mange ulike solistar og små showprega innslag. Vi fekk m.a. oppleva ”lat” musikk framført av ein liggjande og ”sovande” kornettsolist. At programmet slo bra an, viste att på oppførselen til det unge konsertpublikummet. Den var eksemplarisk.

Etter nye øvingsøker søndag, var det klart for den store avslutningskonserten der alle dei 400 muskarane bidrog. Konserten hadde ein stilig og markant start. Dei 35 slagverkarane gjorde seg nytte av alle slags slagverksinstrument og framførte eit flott opningsstykke som var spesialskrive for dette høvet. Tøft!! Dette vart etterfulgt av eit massed band på med 220 musikarar, deriblant alle frå Uskedalen, som framførte eit musikkstykke dei hadde lært utanåt. For ei oppleving!! Etter dette kom "godsakene" som perler på ei snor framført av alle gruppene som deltok på festivalen.

Vi skjønar godt at denne festivalen er blitt så populær. Uskedal skulemusikk vert nok med på den til neste år og, vil eg tru. Om ikkje, vert nok muskarane skuffa. Det er ikkje berre muskarane som har lyst tilbake. Dei tre leiarane som var med, Magni Tråvik, Monika Storevik og Thor Inge Døssland, har alle gjeve uttrykk for at dette vil dei vera med på fleire gonger. Slike opplevingar saman med denne aldersgruppa lever ein godt på ganske så lenge!

Tekst og foto: Thor Inge Døssland



Godt med litt avslapping innimellom i eit travelt program. Dette er dei to yngste medlemmene, Bente Y. Halvorsen og Lars Andres Sæbø.